

Årsrapport 2018

Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling



Årsrapport 2018

Innhald

1.	Styrets fråsegn.....	3
	Styret	3
1.1	Overordna vurdering frå styret av resultat, ressursbruk og måloppnåing	3
1.2	Sentrale tilhøve for oppnådde resultat 2017	4
1.3	Prioriteringar 2019	4
1.4	Vurdering av moglegheiter og utfordringar	4
1.5	Likestilling, diskriminering og tilgjengelegheit	4
2.1	Samfunnssikkerheit og beredskap	7
	1.6.1 Gjennomføring/revidering av ROS analyse	7
	1.6.2 Evaluering av kriseøvelsar	7
2.	Introduksjon til verksemd og hovudtal	7
2.1	Om verksemda	7
	2.1.2 Tilsette	8
	2.1.3 Studietilbod	9
	2.1.4 Bemanning av kurs	9
	2.1.5 Studentrådet	10
	2.1.6 Læringsmiljøutval (LMU)	11
	2.1.7 Studieutval (STUT)	11
	2.1.8 Studieturar	12
	2.1.9 Studiesenteret	13
	2.1.10 Marknadsføring	14
2.2	Utvalde hovudtal	14
	2.2.1 Studenttal	15
	2.2.2 Tilsette	15
	2.2.3 Eigarar	15
	2.2.4 Omsetning og statstilskot	15
	2.2.5 Totale inntekter	Feil! Bokmerke er ikke definert.
3.	Aktivitetar og resultat i 2018	16
3.1	Sektormål 1: Høg kvalitet i utdanning og forskning	16
	3.1.1 Kvantitativ Styringsparameter	18
	3.1.2 Kvalitativ styringsparameter	19
3.2	Sektormål 2: Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling	22
	3.2.1 Kvantitativ Styringsparameter	30

3.2.2 Kvalitativ Styringsparameter	31
3.3 Sektormål 3: God tilgang til utdanning.....	31
3.3.1 Kvalitativ Styringsparameter	31
3.4 Sektormål 4: Effektiv, mangfoldig og solid høgare utdanningssektor og forskningssystem	32
3.4.1 Kvalitativ Styringsparameter	33
3.4.2 Kvantitativ Styringsparameter.....	33
3.5 Midlar tildelte over kap. 281	33
4. Styring og kontroll i verksemda	33
4.1 Vurdering av internkontrollen.....	33
5. Vurdering av framtidsutsikter	35
5.1 Framtidige planar	35
5.1.1 Risikovurdering.....	35
5.1.2 Presentasjon av styret sitt vedtekne budsjett.....	37
5.2 Utdanningskapasitet.....	38
6. Førebels årsrekneskap (inkl. leiingskommentar)	39

1. Styrets fråsegn

Årsmelding: Vedlegg 1.

Styret

Styret valt på årsmøtet i 2018, og som har fungert fram til årsmøtet i 2019.

Odd Arild		Kvaløy	Styreleiar
Björg Tysdal		Moe	Nestleiar
Svein		Helgesen	Styremedlem
Ola		Hedstein	Styremedlem
Jofrid Torland		Mjåtveit	Styremedlem
Rhys		Evans	Styremedlem, Tilsettrepresentant
Monica		Birkeland	Styremedlem, Studentrepresentant

Varamedlemmer i same periode har vore:

1. Olav	Røysland
2. May-Sissel	Nodland
3. Solbjørg	Tveit Wiig
Greta	Todnem (studentrep)
Johan	Barstad (tilsettrep)

Rektor Dag Jørund Lønning, økonomiansvarleg Mikkjell Lønning og administrasjonsrepresentant Christel Bachmann Barbo møter fast på styremøta. Styret har hatt 8 møte og handsama 40 bokførte saker.

1.1 Overordna vurdering frå styret av resultat, ressursbruk og måloppnåing

Årsresultatet i 2018 er eit underskot på kr. 248 374 kroner.

Styret er tilfreds med resultatet trass i at dette er svakare enn budsjettert. Staben vil arbeide hardt med å snu resultatet i løpet av 2019.

1.2 Sentrale tilhøve for oppnådde resultat 2018

Reduksjon i oppdragsverksemd på bakgrunn av sjukdom i staben har ført til mindre inntekter. Kombinasjonen av dette og auka leigekostnad ved flytting til Bryne har ført resultatet ned på minussida. HLB har mange ulike oppdrag, og sjukdom gjer at andre tilsette må dekkje for dei som er vekke. Dette fører igjen til at mindre tid kan brukast på søknadar til nye prosjekt.

HLB stadfestar elles at alle transaksjonar med eventuelle nærstående skjer på marknadsmessige vilkår.

1.3 Prioriteringar 2019

Dei fremste prioriteringane i det komande året vil vere arbeid med å styrkje det økonomiske grunnlaget for HLB gjennom auka inntekter og kostnadskontroll. Det er lagt stor vekt på å auke oppdragsinntekter for 2019, og staben jobbar hardt med å få til. Dei siste åra har HLB vore den høgare utdanningsinstitusjon i Noreg med desidert høgast oppdragsinntekter pr. fagleg årsverk. Dette skal me halde fram med.

HLB vil halde fram arbeidet med endring av organisasjonsform. Det kjem krav frå kunnskapsdepartementet at høgskular må organiserast som anten aksjeselskap eller stifting. Dette vil vere ein prioritert oppgåve for høgskulen sitt styre.

1.4 Vurdering av moglegheiter og utfordringar

Styret meiner dei klart største utfordringane for høgskulen er økonomiske. Skulen er sær avhengig av oppdragsinntekter for å overleve, og må jobbe hardt for å utvikle både studie- og oppdragsverksemd.

Ei auke i omsetning vil kunne sikre eit betre fagleg og administrativt tilbod.

Styret observerer elles at krava til rapportering har auka monaleg dei par siste åra. Dette legg beslag på stadig meir ressursar i ein liten administrasjon, ressursar som ein i røynda treng til inntektsskaping og sikring av studiekvalitet.

1.5 Likestilling, diskriminering og tilgjengelegheit

HLB er ein liten organisasjon som i 2018 har hatt 7 fast tilsette og 2 med timeavtalar. 3 (33%) kvinner og 6 (67%) menn. Tre av dei fire som sist blei tilsett er kvinner, og HLB har fokus på likevekt mellom kjønn over tid.

Alle tilsette, uavhengig av kjønn og etnisitet, har same rettigheter når det gjeld løn, arbeidsvilkår, forfremming og utviklingsmoglegheiter i organisasjonen. Løn fastsettast etter statens tariffavtale og blir vurdert på grunnlag av erfaring, utdanningsnivå og stilling hos kvar tilsett.

Liste over tilsette sine stillingskoder fordelt på kjønn:

- **1013 Professor:**

Kjønn:	Antall:	Prosentandel:
Kvinne	0	0
Mann	1	100

Sum	1	100
------------	---	-----

1 fast tilsett, 1 mann (100%)

- **1101 førsteamanuensis:**

Kjønn:	Antall:	Prosentandel:
Kvinne	0	0
Mann	2	100
Sum	2	100

1 fast tilsett, 1 med timeavtale. 2 menn (100%)

- **1108 Forskar:**

Kjønn:	Antall:	Prosentandel:
Kvinne	2	50
Mann	2	50
Sum	4	100

2 tilsette, 2 menn (67%) og 1 kvinne (33%)

- **1008 Høgskulelektor:**

Kjønn:	Antall:	Prosentandel:
Kvinne	1	100
Mann	0	0
Sum	1	100

1 kvinne med timeavtale

- **1408 Førstekonsulent:**

Kjønn:	Antall:	Prosentandel:
Kvinne	1	100
Mann	0	0
Sum	1	100

1 tilsett, kvinne (100%)

- **1409 Sekretær:**

Kjønn:	Antall:	Prosentandel:
Kvinne	0	0
Mann	1	100
Sum	1	100

1 tilsett, 1 mann (100%)

Kjønnsdelt statistikk over arbeidstid

- **Stilling heiltid**

6 tilsette, 4 (67%) menn og 2 (33%) kvinner

- **Stilling deltid**

1 tilsett, 1 mann

2 tilsette med timeavtale; 1 kvinne og 1 mann

Kjønnsbalansen i organisasjonen sine utval og organ:

- **Styret:**

Styret har 7 medlemmer og 4 varamedlemmer.

- 43 % av medlemmene i styret er kvinner, 57% er menn
- 50% av vararepresentantane er kvinner, 50 % er menn

- **Læringsmiljøutvalet (LMU)**

LMU har 6 representantar i 2018 (vår)

- 50% av LMU representantane er kvinner, 50% er menn

LMU har 6 representantar i 2018 (haust)

- 67% av LMU representantane er menn, 33% er kvinner

- **Studentrådet**

Studieåret 2017-2018

Studentrådet har 4 representantar

- 3 av medlemmene i studentrådet er kvinner, 1 av medlemmene er mann.

Studieåret 2018-2019

Studentrådet har 5 representantar

- 4 av medlemmene i studentrådet er kvinner, 1 av medlemmene er mann.

I ein liten organisasjon med relativt få tilsette vil ei stilling eller eit verv utgjera mykje på statistikken. Ut i frå tala presentert ovanfor ser ein at det er ei relativt jamn kjønnsfordeling blant dei tilsette på alle nivå ved høgskulen og i HLB sine utval. Høgskulen er opptekne av å behalde likevekt mellom kjønn i båe stab og verv i organisasjonen over tid.

Med få representantar i dette utvalet vil det vere naturleg at kjønnsfordeling i prosent vil variere frå år til år. Skulen har likevel fokus på å prøve å få jamn fordeling mellom kjønn i studentverv.

2.1 Samfunnssikkerheit og beredskap

1.6.1 Gjennomføring/revidering av ROS analyse

HLB har oppretta ROS-analyse i 2018, denne er behandla i organisasjonsmøtet KALV. Det blei utarbeida eit system for informasjonsikkerheit i 2018, dette vil bli behandla av høgskulens leiing i 2019.

HLB har eigen drift og serviceavtale med Nordialog på servere knyta til høgskulen. Kong Arthur AS leverer det studieadministrative systemet og Tripletex leverer regnskapsprogrammet som høgskulen nyttar. Ansvar for sikkerheita ligg hos dei respektive leverandørane av nettbaserte tenester.

1.6.2 Evaluering av kriseøvelsar

Det er ikkje gjennomført kriseøvingar i 2018


2. Introduksjon til verksemd og hovudtal

2.1 Om verksemda

Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling skal vere eit landsdekkande tilbod om utdanning og forskning tilpassa trongen til norske bygde- og lokalsamfunn. HLB flytta sine lokale frå Klepp- til Time kommune og har no kontor i Bryne sentrum. Høgskulen er i 2017 organisert som eit SA.

Vårt motto er: Kunnskap for utvikling! - kunnskap som blir produsert og formidla ved HLB skal i størst mogleg grad kunna setjast i aktiv bruk i lokale/regionale utviklingsprosessar.

Organisasjonskart HLB:



2.1.2 Tilsette

Tilsette 2018

Dag Jørund	Lønning	Rektor / Professor / Studieleiar Nyskaping 1
Johan	Barstad	Forskar/Studieleiar ØK
Olav	Eggebo	Forskar/Studieleiar SU
Maria	Almli	Forskar
Rhys	Evans	Førsteamanuensis/Studieleiar LSUT, HiN
Christel Bachmann	Barbo	Studiekonsulent/informasjonsmedarbeidar
Mikkjell	Lønning	Økonomikonsulent
Daniel	De Lange	Førsteamanuensis – timeavtale

Eli-Grete	Høyvik	Forskar/Studieleiar Nyskaping 2 produktutvikling – timeavtale
-----------	--------	---

2.1.3 Studietilbod

I 2018 har høgskulen hatt desse studietilboda:

- Samfunn og utviklingsarbeid, modul I og II (SU I-II)
- Økonomi og leining I (ØKI)
- Hest i Næring, modul I (HiN I) – Vår 2018 (ikkje haust)
- Landskap og Utvikling (LSUT)
- Nyskaping og samfunnsarbeid, modul I og II (NY I – II)
- Fagkurs inn-på-tunet (10 studiepoeng)

2.1.4 Bemanning av kurs

År 1 BA Bygdeutvikling

Samfunn og utviklingsarbeid (SU)

Olav	Eggebø	Studieansvarleg/forelesar
------	--------	---------------------------

År 2 BA Bygdeutvikling

Økonomi og leining

Johan	Barstad	Studieansvarleg og forelesar
Daniel	Lange	Delt ansvar

År 2 BA Bygdeutvikling

Hest i Næring/Landskap og Utvikling

Rhys	Evans	Studieansvarleg og forelesar
------	-------	------------------------------

År 3 BA Bygdeutvikling

Nyskaping og samfunnsarbeid

Dag Jørund	Lønning		Studieansvarleg og forelesar
Eli Grete	Høyvik		Ansvarleg delkurs NY II

2.1.5 Studentrådet

Studieåret 2017/2018

Studentrådet som blei valt haust 2017, har desse medlemmane:

Cato	Lassen	Leiar/vararep. Høgskolestyret	BA
Rachel	Mwakazi	Nestleiar	BA
Gunn Helen	Johnsen		BA
Monica B.	Fuglestad	Styrerep. Høgskulestyret	

Studentrådet har hatt 1 møte og handsama 5 bokførte saker.

Studieåret 2018/2019

Studentrådet som blei valt haust 2018, har desse medlemmane:

Cato	Lassen	Leiar	BA
Marte	Dale	Nestleiar	BA
Monica B.	Fuglestad	Sekretær	BA
Kristine	Vigrestad	Medlem	BA
Camilla Lid	Vihovde	Medlem	BA
Cato	Lassen	Styrerep. Høgskulestyret	
Marte	Dale	Representant STUT og LMU	
Monica B.	Fuglestad	Representant STUT og LMU	
Cato	Lassen	Representant STUT og LMU	

Studentrådet har hatt 1 møte og handsama 6 bokførte saker.

2.1.6 Læringsmiljøutval (LMU)

LMU skal halda oppsyn med læringsmiljøet ved høgskulen.

Representantar vår 2018

- Cato Lassen, leiar
- Rachel Mwakazi, student
- Monica B. Fuglestad, student
- Fra administrasjonen:
- Dag Jørund Lønning, rektor
- Rhys Evans, tilsett
- Olav Eggebø

Representantar haust 2018

- Cato Lassen, leiar
- Marte Dale, student
- Monica B. Fuglestad, student
- Fra administrasjonen:
- Dag Jørund Lønning, rektor
- Rhys Evans, tilsett
- Johan Barstad, tilsett

LMU rapporterer til styret om HLB sitt arbeid med læringsmiljøet.

LMU har hatt eit møte. Normalt vil det vere minst to årlege møter i LMU (vår og haust). Møtet for hausten 2018 blei utsett til starten på 2019. Det blir framleis eit møte for vårsemester.

2.1.7 Studieutval (STUT)

Kvart år har HLB arrangert eit felles møte for alle studieansvarlege. Dette møtet arrangerast for å evaluere kvaliteten på studieplanar og kurs og sikre at dei er i tråd med gjeldande regelverk til ein kvar tid.

Om STUT (henta frå kvalitetshandboka):

Samansetning:

- *Rektor med representant frå administrasjonen som vara*
- *Alle studieansvarlege ved HLB*
- *To studentrepresentantar, ein skal vere medlem i studentrådet.*

Oppgåver

STUT har ansvar for:

- A) *Kontrollere at studieplanane er i samsvar med studietilsynsforskrifta og dei vilkår som gjeld for akkrediteringa høgskulen har fått.*
- B) *Utvikling av studieplanar (innhald og kvalitet)*
- C) *Sikre at pensum og undervisning er eigna til å sikre kandidatens kompetanse i relasjon til måla i studiet.*
- D) *Kontrollere at alle kurs er i tråd med bachelorgradens overordna læringsmål.*
- E) *Sikre at undervisninga bygger på relevant forskning*
- F) *Kontrollere at eksamens- og vurderingsformene er tilpassa undervisning og rettleiing som blir gitt og skal vere eigna for å nå måla i studiet.*

Innkalling med sakliste skal være skriftleg, og det skrivast referat frå alle møter.

Det skal heldes to møter kvart studieår (haust og vår)

Referatet skal formidlast til Studentrådet og Læringsmiljøutvalet (LMU)

STUT skal rapportere til styret minst éin gong i året gjennom Årsrapport for kvalitet i utdanninga.

STUT hadde 1 møte i 2018 (vår). Møte for haustsemesteret blei utsett til starten på 2019.

Representantar vår 2018:

- Dag Jørund Lønning, rektor
- Olav Eggebø, studieieiar
- Johan Barstad, studieieiar
- Rhys Evans, studieieiar
- Cato Lassen, student
- Monica Birkeland, Student

Representantar haust 2018:

- Dag Jørund Lønning, rektor
- Olav Eggebø, studieieiar
- Johan Barstad, studieieiar
- Rhys Evans, studieieiar
- Marte Dale, student
- Monica Birkeland, Student

2.1.8 Studieturar

- | | |
|---|--------------------------------------|
| • SU 1: Studietur til Skottland. | Reiseleiar Olav |
| • SU 2: Studietur til Kvitsøy. | Reiseleiar: Maria Almlil/Olav Eggebø |
| • Nyskaping I. Studietur til Grüne Woche, Berlin. | Reiseleiar: Dag Jørund Lønning |
| • ØK 1: Studietur til Tsjekkia. | Reiseleiar: Johan Barstad |
| • NY 2: Studietur til Balestrand | Reiseleiar: Eli Grete Høyvik |

- HiN: Studietur til Frankrike

Reiseleiar: Rhys Evans

2.1.9 Studiesenteret

Samarbeid med studiesenteret.no gjer BA bygdeutvikling tilgjengeleg for studentar i heile landet. Sentralt i samarbeidet er visjonen om å jobbe mot ein utvida integrert modell der høgskulen, lokalt næringsliv og verkemiddelapparat kan samarbeide i eit verdiskapande nettverk.

Studiesenteret.no er eit utdanningsnettverk som pr. 31 desember 2018 organiserer 40 studiesentra i 15 fylker. Dei samarbeider med 4 ulike høgskular/universitet. Nettverket er ein nasjonal struktur for høgskuleutdanning og livslang læring. Organisasjonen er offentleg eigd. HLB har fått gode tilbakemeldingar frå både studentar, studiesenter og forelesarar.



Følgjene studiesenter deltar i prosjektet studieåret 2017/2018:

- Kongsvinger
- Tynset
- Kvam
- Valdres
- Sunndal
- Tana
- Vadsø

Følgjene studiesenter deltar i prosjektet studieåret 2018/2019:

- Tynset
- Tinn
- Askim
- Moss
- Valdres
- Nord-Troms

- Vefsn
- Vadsø

2.1.10 Marknadsføring

HLB er ein liten organisasjon med eit særers avgrensa marknadsbudsjett. Dette gjer at me må vera veldig poengterte og målretta i valet av promoteringskanalar. Erfaringa vår frå dei siste tre åra viser at «vanleg» annonsering har lite eller ingen effekt.

Det som verkar er:

1. At me er synlege i offentleg debatt og i media (redaksjonelt).
2. At studentane våre er nøgde og difor gode ambassadørar.
3. At me har ei god, oppdatert heimeside og er synlege i sosiale media.
4. Bruk av studiesenternettverket.

Her meiner me å ha lukkast godt. HLB er, sett i forhold til storleiken vår, særers mykje i media.

Vår utviklingsorienterte kunnskapsprofil gjer oss til ein relevant samarbeidspartner/kunnskapsformidlar i lokale/regionale utviklingssatsingar. Dette viser seg å vera særers interessant også for media.

Me får elles gode tilbakemeldingar frå studentane våre, både når det gjeld læringsmiljø og læringskvalitet. Dei tillitsvalde blant studentane rapporterer om få negative kommentarar.

Pr 31.12.18 har HLB over 5200 følgjarar på Facebook. Jamn og stor auking over dei siste åra er eit signal om at HLB er samfunnsaktuelle og flinke til å formidle interessante tema.

Hausten 2017 flytta HLB frå Særheim i Klepp kommune til nye lokale midt i Bryne sentrum. Lokalisering i Serigstadbygget, midt i Bryne, I 2018 har HLB prioritert å vere synlege i Bryne. Mellom anna har høgskulen hatt ein reklamefilm på den lokale kinoen, det har òg vore invitert til open dag i forbindelse med potetfestivalen på Bryne. Dei nye lokala ligg rett ved togstasjonen og vil gjere høgskulen synlege både for dei som sit på toget og for dei er på veg til og frå togstasjonen. I tillegg ligg HLB i nærleiken av vidaregåande skule og håpar at dette kan bidra til at høgskulen og studietilbodet blir betre kjent blant ei yngre målgruppe. HLB satsar på at godt kollektivtilbod og mange sosiale tilbod rett utanfor inngangsdøra vil bli viktig når det gjeld å trekkja nye studentar.

Høgskulen har og planlagt ein stor konferanse i samanheng med lansering av Jordboka II, skrive av rektor og professor Dag Jørund Lønning. Denne konferansen vil og ta føre seg naturnær-programmet, den nye satsinga til høgskulen. I 2018 har høgskulen registrert enorm interesse for dette programmet. Satsinga har eit miljø- og klimaperspektiv, og høgskulen jobber for å få meir kunnskap om korleis mennesket kan spele på lag med naturens eigne ressursar. Slike konferansar vil bidra til å gjere høgskulen meir synlege, både lokalt, nasjonalt og internasjonalt.

2.2 Utvalde hovudtal

2.2.1 Studenttal

Talet på studentar på dei ulike modulane i 2018

Fag	Kode	Vår	Haust
Samfunn og utviklingsarbeid I (første år BA)	SU1	7	7
Samfunn og utviklingsarbeid II (første år BA)	SU2	4	10
Landskap og Utvikling	LSUT	7	6
Nyskaping I	NY I	11	4
Nyskaping II	NY II	11	7
Hest i Næring HN	HiN	5	0
Samfunnsentreprenørskap	SAMF	0	0
Økonomi og leing I	ØK I	7	7
Fagkurs IPT	IPT	7	0

2.2.2 Tilsette

HLB har i 2017 hatt 7 fast tilsette, og 2 med timeavtale. Av desse har 6 fulltidsstilling. 3 kvinner og 6 menn.

2.2.3 Eigarar

HLB er organisert som eit SA, og har pr. 31.12.18 95 eigarar innanfor organisasjonar, næringsliv og forvalting. Totalt 622 andeler.

2.2.4 Omsetning og statstilskot

HLB har hatt ein nedgang i omsetning på 458 917 kroner sidan 2017. Nedgangen er forklart i styrets fråsegn.

I løpet av 2018 har HLB motteke 2 545 000 kroner i statstilskott frå Kunnskapsdepartementet.

Årsresultatet viser eit underskot på kr. 248 374, og ein eigenkapital på 755 799 kroner.

2.2.5 Totale inntekter

Inntektene gjennom året er på totalt 5 906 543 kroner. Desse består hovudsakleg av statstilskott, studieavgift og oppdragsmidlar.

3. Aktivitetar og resultat i 2018

Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling har som mål å vera ein aktiv partner for utvikling av kunnskap, kompetanse og entreprenørskap i Bygde-Noreg. Dette jobbar høgskulen aktivt med gjennom forskingsaktivitet og utviklingsarbeid.

HLB skal og tilby undervisning på høgskulenivå innan nyskaping og samfunnsutvikling og vere tilgjengeleg for studentar frå heile landet.

3.1 Sektormål 1: Høg kvalitet i utdanning og forskning

Mål for verksemda

Høgskulen for Landbruk og Bygdeutvikling (HLB) tilbyr studiar for landbruk, bygdeutvikling, etablerarar i distrikta, for rådgjevarar og tilretteleggjarar, og til dei som vil arbeida med utviklingsoppgåver i organisasjonsliv eller offentleg sektor. Undervisninga er basert på forskingsbasert kunnskap innan pedagogikk, nyskaping/entreprenørskap, bygdeutvikling, landbruks-/bygdeøkonomi. HLB legg stor vekt på *utviklingskompetanse* både i forskning og formidling, og har *Kunnskap for utvikling!* som slagord. Målsetjinga for høgskulen er å produsera og formidla *kunnskap for livskraftige bygdesamfunn*.

Studia blir gjennomførte både på heiltid og deltid, og er lagt opp slik at dei kan gjennomførast av folk som er yrkesaktive. Studentane blir tekne opp enten på grunnlag av formell studiekompetanse eller, i nokre få tilfelle, basert på godkjenning av realkompetanse. Dei fleste studentane er relativt vaksne.

Eksamensresultata og tilbakemeldingane har vore gode frå studentane som har gjennomført eitt eller fleire av studia som HLB tilbyr. Resultata er kvalitetssikra med bruk av eksterne sensorar.

Av dei studentane som startar opp, er det svært få som ikkje fullfører. Vidare er det lite stryk til eksamen.

I 2014 tok HLB imot Erasmuscharteret frå EU-kommisjonen, som ein av tre norske aktørar.

Studiar, studentar og studiepoeng

Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling hadde 103 93 registrerte studentar i 2018 på 30-poengseiningar. Dette er ein liten nedgang frå 2017 (103 registrerte). HLB har likevel eit stabilt studenttal, det var registrert 93 studentar i både 2015 og 2016. Det var og registrert 7 studentar på 10-poengseiningen fagkurs Inn-på-tunet.

Det er ein liten oppgang frå 1230 produserte studiepoeng i 2016 til 1300 studiepoeng i 2017 og 2018.

Det er naturleg at studiepoengproduksjonen variere litt frå år til år. HLB hadde ein liten nedgang frå 2015 til 2016, no ser vi ein positiv tendens. Likevel har talet produserte studiepoeng vore relativt stabilt dei siste åra. Høgskulen jobbar stadig for å få inn fleire studentar og held fram med å gjere studiane tilgjengelege i heile landet via studieseteret.no. HLB har også flytta sine lokalar frå Særheim til Bryne sentrum og er både meir synlege og tilgjengelege for potensielle studentar. Det er godt kollektivtilbod nokre minuttar frå høgskulen, det er og eit godt bibliotek tilgjengeleg i Bryne sentrum,

i tillegg er det ikkje langt til kaféar og butikkar. Dette meiner HLB vil kunne bidra til å gjere høgskulen meir attraktiv.

Høgskulen har i kalenderåret 2018 hatt studentar på bachelorkursa Samfunn og utviklingsarbeid, Hest i Næring (vår), Landskap og Utvikling, Økonomi og leining modul 1 og Nyskaping og samfunnsutvikling. Dei aller fleste søker no opptak til HLB sin bachelorgrad.

I 2018 hadde HLB 4 studentar som to eksamen i den spesialkonstruerte modulen Fagkurs: Inn-på-tunet, eit 10-poengskurs.

Fagmiljø

HLB skal vera Noregs og Skandinavias leiande fagmiljø på bygdeutviklingsfeltet.

I løpet av 2018 jobba HLB med ei rekkje forskingsoppdrag knytt til tema som dialogbasert arealutvikling, natur- og kulturbasert nyskaping, landskapsutvikling/jordvern og næringsutvikling både nasjonalt og internasjonalt. Resultat og erfaringar frå dette arbeidet er i dag trekt aktivt inn i undervisninga ved høgskulen for å sikra forskingsbasert undervisning av høg internasjonal kvalitet. HLB er nasjonalt leiande innanfor dialogbaserte utviklingsstrategiar og metodar, og leiar store pilotsatsingar på dette i fleire fylke. Høgskulen er no invitert inn i store EU-søknader på basis av denne kompetansen.

Våre internasjonale kontaktar og nettverk vart stadig vidareutvikla gjennom deltaking i ulike EU-program, COST-nettverk, EØS-program, internasjonale kunnskapsnettverk og via invitasjonar til å halda fordrag internasjonale konferansar og seminar.

Knytta til publisering av *Jordboka – det fantastiske universet under føtene våre* (beskrive i punkt 3.2) har HLB har no ei satsing på framtidslandbruket. Forskingsmiljøet ved HLB har registrert stor interesse for tema og vil helde fram med å vidareutvikle fagkunnskapen om det høgproduktive og klimapositive framtidslandbruket.

Publisering og ekstern kontakt

All fagleg produksjon i 2018 er innanfor HLB si fagprofil og satsingsområde.

1. Bøker/antologiar

Ingen bøker i 2018

2. Artiklar i fagfelleverderte tidsskrift

Dag Jørund Lønning:

The power of human agency: successful community development strategies in Norway's rural northern margins. Community Development Journal 2018 ;Volum 53.(3) s. 518-536

HLB

3. Interne rapportar

HLB Arbeidsrapport nr. 1, 2018: Nye innbyggjarar til utkantstrok

HLB Arbeidsrapport nr. 2, 2018: Verdiskaping i ei lakseelv

HLB Arbeidsrapport nr. 3, 2018: Regionsenter Bryne

HLB Arbeidsrapport nr. 4, 2018: Barn i landbruket

4. Foredrag, media og anna formidling

HLB har hatt omfattande føredragsverksemd i 2018, hovudsakleg ved rektor Dag Jørund Lønning. Rektor har vore rundt i heile landet på ymse føredrag om lokalt demokrati, deltakande demokrati og samfunnsutvikling. Høgskulen har registrert aukande interesse feltet naturnært/regenerativt. Dette er HLB sitt nye satsingsområde og det har vore rikeleg med bestillingar på føredrag rundt tema. Totalt har det vore over 100 ulike oppdrag i løpet av året.

3.1.1 Kvantitativ Styringsparameter

Studieprogresjon

6 studentar starta opp på bachelorprogrammet i 2015. 50% av studentane har avslutta studiet, 50% er framleis aktive eller uteksaminert.

- 3 kandidatar har slutta
- 1 kandidat er framleis aktiv
- 2 kandidatar har gjennomført på normert tid

Høgskulen si undervisning er samlingsbasert, difor er det mogleg å kombinera jobb og studiar. HLB sine studentar er relativt vaksne og kombinerer gjerne utdanninga med anna arbeid. Dette er ei av grunnane til at fleire av studentane veljar å studera deltid.

HLB hald fokus på tett oppfølging og god dialog med studentane. Når studentar melder frå om at dei ønsker å avslutta studiet vil administrasjonen undersøke kva som er årsaka for valet. Kombinasjon av jobb og studia er og den vanlegaste grunnen for at nokre av studentane våre vel å avbryte studiane, det blir for travelt å gjennomføre med jobb og familie utanom.

HLB lagar podcast av dei fleste førelesningane. På dette viset er førelesningane tilgjengelege for studentane på læringsplattforma *moodle*. Framover skal HLB sjå nærmare på moglegheita for å legge ut nokre av førelesningane på nett med bilde og presentasjon (video). Fleksibiliteten dette vil gi kan bidra til å hjelpe fleire av studentane våre til å gjennomføre studiane til normert tid.

Tett oppfølging og god dialog med studentane våre er viktig både under og mellom samlingane. Vi har og formelle rutinar for møte med dei valde studentrepresentantane. Det er og oppfølging av studentar i etterkant.

Tal frå studiebarometeret viser at studentar gjennomsnittleg brukar 44,1 timar på studiane sine kvar veke, fordelt på:

- Læringsaktiviteter organisert av HLB - 12,8 timer
- Egenstudier – 15,8

- Betalt arbeid – 15,5

3.1.2 Kvalitativ styringsparameter

Organisasjonens arbeid for å sikre studentanes læringsutbytte

I bachelorstudiet i nyskaping og samfunnsutvikling skal studentane læra å sjå med nye auge på ressursane dei har rundt seg; dei menneskelege, dei naturbaserte, dei kulturelle, dei sosiale og økonomiske. Dei skal læra å ta i bruk ressursane på nye måtar og slik verta aktive utviklarar og pådrivarar i forhold til eigen livssituasjon og eige miljø.

Bachelorstudiet vil gi grunnleggjande kunnskap om utviklingsarbeid og sosial, kulturell og økonomisk verdiskaping. Høgskulen har Kunnskap for utvikling som sin hovudvisjon. I tråd med denne visjonen skal studiet synleggjera og gje grunnleggjande kunnskap om det handlingsrom me har som menneske til å påverka framtida i positiv retning. Studiet skal stimulera til skaparglede, kreativitet og entreprenørskap, og legg difor også opp til aktivt samarbeid med forvaltning, nærings- og organisasjonsliv.

OPPBYGGING AV BACHELORSTUDIET I NYSKAPING OG SAMFUNNSUTVIKLING

Grada er bygd opp av studia:	Studiepoeng
Studieår 1: Samfunn og utviklingsarbeid: Grunnleggjande utviklingstenking, metode kunnskap, innføring i utviklingsarbeid	60
Studieår 3: Obligatorisk: Nyskaping: Kreativitet, ressursutvikling, produktframtaking, sjølvvalt bacheloroppgåve	60
Studentane kan 2. studieår velja mellom:	
Økonomi og samfunn: Økonomisk metode i samfunnsperspektiv, framveksten av økonomifaget	30
Sirkulær økonomi: Verdspotensialet i sirkulærøkonomi, korleis skape verdiarbasert på gjenbruk, fokus på regenerativt landbruk, framtidsretta driftformer, praktisk retta	30
Landskap og utvikling: Møte mellom menneske og fysisk miljø, landskap som ressurs, utforsker nye utfordringar og potensial	30
Regenerativt landbruk: Samspel mellom menneske og dei mangfelte naturressursane i landbrukslandskapet, byggjer på grunntankane i Jordboka av Dag Jørund Lønning	30
Hest i næring: Går nærare inn i eit breitt spekter av hesteverksemder og måtar å bruka hesten i næringsutvikling, brei forståing av hesten si rolle i norsk bygdeliv og identitet	30

Kvart av dei obligatoriske eller valfrie enkeltstudia som inngår i graden er lagt opp som to bolkar, kvar på 30 studiepoeng. BA-studiet kan såleis takast på deltid med 30 studiepoeng pr. år, eller som heiltidsstudium med 60 studiepoeng pr. år. Avhengig av arbeidsinnsats vil såleis heile graden kunna gjennomførast innanfor ein periode på 3 til 6 år. Undervisninga er organisert i samlingar ein eller to gongar i månaden frå september til juni.

Mappeevaluering blir nytta som vurderingsform i alle kurs. Dette sikrar at studentane jobbar jamt med faga heile semesteret. Det er oppgåver mellom alle samlingar slik at studentane får tilbakemelding frå studieansvarleg gjennom heile studieåret.

Bacheloroppgåva er på 20 studiepoeng og er lagt til siste semester i det tredje studieåret (Nyskaping). Den skal vera eit sjølvstendig utviklingsrelatert arbeid som synleggjer at studenten har kunnskap om og forståing av verdiskapingsprosessar og kjeder/nettverk frå ide til produkt/tiltak/verksemd. Arbeidet skal og synleggjera at studenten har grunnleggjande kunnskap om datainnsamling og forskingsmetode. Studenten får utnemnt personleg rettleiar innanfor fagstaben ved HLB.

HLB er involvert i ei rekkje forskings- og utviklingsoppgåver knytt til nyskaping, entreprenørskap og bygde-/samfunnsutvikling. Høgskulen legg stor vekt på å involvera BA-studentar aktivt i fou-arbeid der dette er mogleg. Slik involvering gjev brei tematisk kunnskap og utvida kjennskap til forskingsmetode.

Forskinskvalitet på institusjonens satsingsområde

HLB skal vera det viktigaste akademiske kunnskapsmiljøet for bygdeutvikling i Noreg. HLB skal ha eit fagmiljø av internasjonalt format.

Alle aktive forskingsprosjekt er knytt til satsingsområde innan fagretninga vår. Me har fokus på framifrå kvalitet på vårt arbeid, som reflekterast i særskilde gode resultat og tilbakemeldingar i våre prosjekt.

Høgskulen er mest retta mot aksjonsforskning, og har difor ikkje fullt så mange publikasjonspoeng å vise til, men har ei brei portofolio av prosjekt knytt opp mot næringsliv i Noreg og utlandet. Dei mest relevante resultatindikatorane våre er difor dekking av prosjekt i media, som har vore omfattande. Prosjektaktivitetane våre har fått mykje merksemd, og har ført til debatt om tema me satsar på.

I 2018 utmerka fagmiljøet ved høgskulen seg i nærområdet og fekk den gjeve Byutviklingsprisen Bryne 2018.



Frå venstre: Næringsjef i Time, Reidar Hebnes, HLB-student Marte Dale, styreleiar Odd Arild Kvaløy, rektor Dag Jørund Lønning og rådmann i Time, Trygve Apeland.

Samspel mellom forskning og utdanning

Høgskulen har ein tett samanheng mellom forskning og utdanning, der alle førelesarane våre er aktivt involverte i fleire prosjekt. Dette blir formidla direkte til studentane, då delar av vårt pensum er basert på eigne forskingsarbeid. Studentane har hatt moglegheit til å delta direkte i prosjekta våre, for å gi dei erfaring med prosjektarbeid innan våre fagområda. Ved studentdeltaking gir me dei praktisk retta kompetanse, som byggast opp av teoretisk kunnskap frå førelesingar.

Me har eit formelt krav om at alle førelesarar skal drive med forskning, for å fremme kompetanse i staben. Me held heile den faglege staben oppdatert på aktive prosjekt, samt gir dei moglegheit til å vere med på utvikling av prosjektet.

Utvikling av fagmiljøet vårt skjer ved stor oppdragsverksemd.

Deltaking i Horisont 2020 og Erasmus+

Førebels har ikkje skulen fått prosjekt i Horizon 2020. Me jobbar fram mot akkreditering som høgskule, for å kunne søke prosjektmidlar gjennom SIU.

I 2017 blei HLB partner i prosjektet *Social farming in higher education (SoFarEDU)*, eit Erasmus+-prosjekt som strekk seg over tre år. Prosjektet skal jobbe fram læreplanar for høgare utdanning innan grøn omsorg (social farming). Læreplanane som blir utvikla i prosjektet skal vere relevante på tvers av

landegrenser. Overordna mål i prosjektet er å forbetre standardarden på kvalitet innan grøn omsorg (social farming) i Europa.

3.2 Sektormål 2: Forsking og utdanning for velferd, verdiskaping og omstilling

Høgskulen formidlar kompetanse som er direkte retta mot verdiskaping og omstillingsprosessar. Kompetanse innan bygdeutvikling og nyskaping er særskild relevant for eit utfordra næringsliv. Både forskning og utdanning ved HLB er utviklingsorientert, og handlar om at ein skal byggje vidare på dei ressursane ein allereie har, å kunne sjå dei i eit nytt ljus.

Utvikling må skje frå grasrota, gjennom dialog og mobilisering. Høgskulen har spesialisert seg på å bruka metodar som dialog, mobilisering og brei deltaking på tvers av interessegrupper og sektorar for å få til berekraftig utvikling.

I tråd med HLB si samfunnsoppgåve om å vere ein sentral kunnskapsleverandør for levande og livskraftige lokalsamfunn har forskingsmiljøet hos oss leia fleire prosjekt rundt stad- og næringsutvikling/verdiskaping.

HLB har særskilde gode erfaringar og har fått positive tilbakemeldingar på denne tilnærminga i prosjektarbeid.



HLB satsar på framtidsretta landbruk



I 2017 lanserte professor ved HLB, Dag Jørund Lønning, *Jordboka – det fantastiske universet under føtene våre*. Kunnskapen som blir presentert i boka har skapt stort engasjement i heile Norge og i utlandet. Arbeidet utfordrar etablerte «sanningar» om kva landbruk er og kan vera.

Boka sett fokus på:

- Korleis kan landbruket bli både langt meir produktivt og langt meir klima-/miljøvennleg
- Om molda kan vera det aller mest effektive klimatiltaket?
- Ulike perspektiv på forholdet mellom menneske og mold: Vart samspel. Brutal øydelegging. Draumen om nærleik til naturen.

Med utgangspunkt i *Jordboka* vil HLB halde fram med å utforska korleis den nye kunnskapen om kva mold er og *gjer*, kan bana veg for nye og uhyre produktive samspel mellom menneske og dei skapande kreftene under føtene våre. Eit slikt samspel kan både revolusjonera matproduksjonen, føra mennesket nærare naturen, og til og med redda klimaet vårt. Skal me lukkast, må mykje endrast; tenkemåtar, handlemåtar, politikk, forvalting, osv.

Den største kunnskapsutfordringa me står overfor i dag, er å oppnå ei langt betre forståing av naturen sine eigne produktive krefter og korleis me kan spela på lag med desse.

Framtidsretta landbruk vil ha ei sentral rolle i forskingsarbeidet ved HLB framover. I 2018 har høgskulen registrert ei enorm interesse for tema frå fleire hold: politikarar, organisasjonar, potensielle studentar og andre interessantar.

I 2018 har høgskulen og jobba med å implementere denne kunnskapen inn høgskulens i bachelorgrad. To nye kus blir lansert allereie hausten 2019 som eit resultat av dette arbeidet:

- Regenerativt landbruk – 30 stp
- Sirkulær økonomi og verdiskaping – 30 stp

Forsknings- og utviklingssatsingar 2018

Følgjande prosjekt har vore aktive:

1. Jordboka II – Nærare naturen

I 2017 blei Jordboka publisert. Boka er den første populærvitskaplege og allment retta boka på norsk om den levande matjorda. Boka tar for seg mellom anna biologiske og kulturhistoriske sider ved matjorda, status for verda sine jordressursar, og miljø- og klimautfordringar knytte til jorda og utnytting av jord som produksjonsressurs. Boka er i første rekke retta mot allmenmarknaden, men og aktørar innanfor landbruket.



Jordboka blei lansert i ei fullsett Storstove på Bryne. Seminaret vart opna med korte helsingar frå styreleiar i HLB, Odd Arild Kvaløy, ordførar i Time, Reinert Kverneland, og fylkesordførar i Rogaland, Solveig Ege Tengesdal.

I 2018 blei oppfølgjaren, Jordboka II, skriven. Denne skal lanserast på Bryne i mars 2019. Forfattar og professor ved HLB, Dag Jørund Lønning, beskriv boka slik:

- Boka som viser veg ut av forbrukarsamfunn og industrilandbruk - og inn i den naturnære, kompostmoderne framtida.

Kunnskapen denne boka bygger på vil bli sentralt i utviklinga av HLB sin faglege retning framover.

Jordboka II skal lanserast i 2019, og arrangementet skal som sist haldast i Storstova. I 2018 har høgskulen jobba med alle førebuingar til arrangementet. Denne gongen vil seminaret vare i to dagar. Sjølve lanseringa vil bli på dag ein, då har høgskulen invitert nokre av dei fremste i verda på fagområdet til å holde føredrag. På dag to vil det vere organiserte workshops for deltakarane.

2. Forsøksfelt på Bakken Gard – HLB utforskar regenerative/naturnære metodar i grønsaksdyrking



I forbindelse med høgskulen si satsing på framtidsretta satt HLB i gong med grønsaksdyrking på eit forsøksfelt på Bakken Gard i mai 2018. Grønsakene blei dyrka etter jordbokmetoden (regenerativ/naturnær metode). I prosjektet samarbeida høgskolen med Reve kompost som leverte både flis og kompost til grønsaksengene.

Det blei planta jordbær, ulike typar salat og kål rett i kompost. Ulike nitrogenfangande dekkvelstar blei sådd mellom kål- og salatplantane. Plantane fekk vatn i oppstart av prosjektet, så kom tidenes tørkesommar. Ulike omstende gjorde at HLB ikkje fekk vatna plantane på over sju veker. Likevel trossa grønsakene tørka og vaks seg store og flotte i løpet av sommaren. Prosjektet vakte oppsikt i media og skapa overskrifter i fleire store aviser. Saka blei og delt nærare 6000 gonger på facebook.



HLB tok prøvar av mikrolivet i molda på forsøksfeltet hausten 2018. Prøvane viste tre gongar så mykje biologi i det gamle moldlaget under kompostsengene som det er i den molda som ikkje har fått kompost i det heile. Og pakkinga var og vesentleg redusert.



3. Bjerkreimsvassdraget som utviklingsarena

Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling har teke initiativ til å utgreie Bjerkreimselva som brei bygdeutviklingsarena. Prosjektet fokuserer på elva og nærliggande område som ressurs for økonomisk, sosial og kulturell verdiskaping. Aktivitetane i prosjektet inneheld blant anna synleggjering av eksisterande og framtidig verdiskapingspotensial, mobilisering og involvering av bygda og identifisering av nye produkt og tenester med utgangspunkt i elva.

HLB utarbeida ein rapport på arbeidet i 2018.



Prosjektleder: Dag Jørund Lønning

4. Folkehelseevaluering

HLB har i oppdrag frå fylkeskommunen i Rogaland ansvar for ei følgeevaluering av prosjektet:

Nærmiljø og lokalsamfunn som fremmer folkehelse (eit tre-årig nasjonalt prosjekt).

Nærmiljøprosjektet Hovudmål:

- Gode nærmiljø og lokalsamfunn som fremmer folkehelse.

Delmål:

- Betre kvalitative utfordringsoversikter på folkehelseområdet som kunnskapsgrunnlag for kommunale plan- og vedtaksprosessar.
- Betre kunnskap om kva som bidrar til livskvalitet og trivsel, og om korleis folk har det i lokalsamfunna.
- Utvikling av egnande metodar i medverksingsarbeidet.
- Legge grunnlag for konkrete tiltak i samsvar med lokale folkehelseutfordringar.
- Tilrettelegging for kompetansebygging med regionale utdanningsinstitusjonar om nærmiljø og lokalsamfunnskvaliteters betydning for folkehelse.

Målgruppe: Befolkninga

Prosjektleder: Dag Jørund Lønning

5. Barn i landbruket

Forprosjektet *Barn i landbruket* har som mål å etablere ein kunnskapsoversikt på feltet, samt utforme eit større forskingsprosjekt som skal kartlegge barns deltaking i norsk landbruk i dag. Dette skal gjerast i nært samarbeid med næringa sjølv, fagorganisasjonar, relevante forskingsmiljø og andre aktørar med interesse for temaet. HLB inviterer til bred dialog i prosessen, slik at problemstillingar og metodar i hovudprosjektet skal bli mest mogleg relevant og målretta. Forprosjektet er finansiert av Landbruksdirektoratet, Nordland Fylkeskommune, Nordland og Steigen Bondelag.



HLB utarbeida ein rapport på arbeidet i 2018.

Prosjektleder er Maria Almlie

(Foto: Shutterstock)

6. Kurs: Inn-på-tunet




HLB har samarbeida med Inn på Tunet Nettverket i Møre og Romsdal om utvikling av kurs. I dette samarbeidet leverte HLB eit skreddarsydd tilbod til inn-på-tunet brukarar som fokuserer på dei faglege og praktiske utfordringar IPT-tilbydarar vil møte. Kurset brukte same modell som Samfunnsentreprenørskapkurset (eit kurs HLB allereie tilbyr).

Prosjektleder: Johan Barstad

7. Social farming in higher education

Prosjektet *Social farming in higher education* skal jobbe fram læreplanar for høgare utdanning innan grøn omsorg (social farming). Læreplanane som blir utvikla i prosjektet skal vere relevante på tvers av landegrenser. Overordna mål i prosjektet er å forbetre standardarden på kvalitet innan grøn omsorg (social farming) i Europa.

Prosjektleiari i HLB: Rhys Evans



8. Regenerativt landbruk Voss

HLB er den einaste kunnskapsinstitusjonen i landet med eit fagmiljø innanfor regenerativt landbruk. I eit forprosjekt, eigd av Voss kommune, skal høgskulen utvikla grunnlagskunnskap for ei mogleg større satsing på regenerativt landbruk i Voss både som klimatiltak og som strategi for auka produktivitet pr. arealeining.

Hovudmål i prosjektet er å utforska og utvikla regenerative dyrkingsteknikkar som både klimatiltak, fremjar av biologisk mangfald i matjord og som kjelde til auka produktivitet i landbruket i Vossaregionen. Voss kommune skal bli nasjonal pilotkommune for regenerativt landbruk. Prosjektet skal byggja og formidla erfarings- og forskingsbasert kunnskap om regenerative landbrukspraksisar til bønder, verkemiddelapparatar, lokalpolitikarar og lokalsamfunnet generelt.

Prosjektet byggjer på kunnskapen som m.a. er presentert i professor Dag Jørund Lønning si bok *Jordboka. Det fantastiske universet under føtene våre*.

Prosjektleiari: Dag Jørund Lønning

9. Verdiskaping i verdsarvområder

HLB er samarbeidspartner i prosjekt som skal etablere eit forskarnettverk med hovudmål å sjå verdiane til utmarksressursane på ein ny måte. Dette skal gjerast gjennom nye samarbeid og mellom primærnæringane og andre næringar nye forretningsmetodar.

Delmål for prosjektet er:

- Vurdere og prioritere forskingsbehov
- Utvikle kunnskap om berekraftige forretningsmodellar
- Posisjonere nettverket for eit større forskingsprosjekt.

Prosjektleiari: Dag Jørund Lønning

10. Regionsenter Bryne

I ein regional planleggings- og utviklingsmodell kan stader plasserast i eit slags hierarki i forhold til forventa tilbod og tenester. Bygdesenteret skal tilby materielle og immaterielle basisbehov i eit nærmiljø. Dette kan t.d. handla om ein nærbutikk, ein skule, ein eller fleire sosiale møtestader, så vel som eventuelle desentraliserte offentlege tenester. Kommunesenteret skal både ha dette og i tillegg kunna presentera eit meir heilskapleg offentleg tilbod, både innanfor helse, utdanning og kultur.

Omgrepet «regionsenter» er mindre definert og er i liten grad ein formell kategori. Skal denne stadkategorien takast offisielt i bruk, bør den konkretiserast og definierast tydelegare.

Målet med dette prosjektet var å vurdere Bryne i eit slikt ljøs:

- Kva funksjonar bør eit regionsenter ha? I kor stor grad fyller Bryne slike funksjonar i dag?
- Kva er dei viktigaste utfordringane framover for at Bryne i enno større grad skal kunna bli regionsenteret for Jæren?

HLB utarbeida ein rapport på arbeidet i 2018.

Prosjektleder: Dag Jørund Lønning



11. Konsulentbistand folkehelse

HLB skal bidra til at Tysvær kommune får auka eigenkompetanse til å jobbe med medverking i lokale plan- og utviklingsprosessar (kvalitativ metode). Tysvær kommune ved folkehelsekoordinator er prosjektleder for eit lokalt nærmiljøprosjekt som del av eit treårig nasjonalt folkehelseprosjekt i regi av Helsedirektoratet. Dette nærmiljøprosjektet vil bli brukt som case i HLB sitt arbeid.

Prosjektleder: Johan Barstad

3.2.1 Kvantitativ Styringsparameter

Samfunnsrelevans

HLB har hatt ei oppdragsinntening på 3 059 000 kroner (derav 1 089 000 studieavgift) i 2018. Dette er fordelt på 5,1 faglege årsverk, der ein person har vore i full sjukemelding i heile året og ein annan i 40 prosent stilling. Til tross for mykje sjukdom har me jobba hardt for å oppretthalde statusen vår som ein viktig samfunnsaktør og fagleg partner innan arbeidsområda våre, både regionalt og nasjonalt.

3.2.2 Kvalitativ Styringsparameter

Samfunnsrolle

HLB er landets einaste integrerte fagmiljø for bygde- og lokalsamfunnsutvikling. Både forskings- og utdanningsarbeidet har stor lokal og regional relevans. Høgskulen er aktivt inne som utviklingsaktør i ei rekke lokale/regionale satsingar, og våre studentar er leiande endringsaktørar i eigne heimbygder.

HLB jobbar direkte inn mot lokale aktørar, samt kommunar og fylkeskommunar i vår oppdragsaktivitet. Då dei fleste prosjekta våre er finansierte av desse partane, har me eit nært forhold til lokalt næringsliv, og regionale aktørar. Me har fått ein leiande rolle knytt til våre faglege satsingsområde i regionen.

HLB har kontor i Steigen. Satsinga i Nord gir HLB betre moglegheit til å auke forskingsaktiviteten utover vestlandsregionane.

3.3 Sektormål 3: God tilgang til utdanning

HLB samarbeider no med studiesenteret.no om alle ordinære BA-kurs. Samarbeidet skal gjere bachelorgrada i nyskaping og samfunnsutvikling tilgjengeleg for studentar i heile landet. Sentralt i samarbeidet er visjonen om å jobbe mot ein utvida integrert modell der høgskulen, lokalt næringsliv og verkemiddelapparat kan samarbeide i eit verdiskapande nettverk.

Hausten 2017 flytta HLB frå Særheim i Klepp kommune til skreddarsydde lokale midt i Bryne sentrum. Lokalisering i det svært iaugefallande Serigstadbygget, midt i Bryne, vil vera eit heilt anna utgangspunkt for å bli meir synlege og tilgjengelege. HLB satsar på at suverent kollektivtilbod og mange sosiale tilbod rett utanfor inngangsdøra vil bli viktig når det gjeld å trekkja nye studentar. I 2018 fekk me besøk på kontoret av fleire som la merke til høgskulen og som var interesserte i utdanningstilbodet vårt, fleire av desse valte å starte på BA-programmet same haust.



3.3.1 Kvalitativ Styringsparameter

Studiesenteret organiserer 40 studiesentra og har lokalar og ressursar tilgjengeleg i 15 fylker. Organisasjonen jobbar for at distrikts-Noreg skal ha same utdanningstilbod som dei store byane. Studiesenteret.no er offentleg eigd og har eit ikkje-kommersielt formål.

Samarbeid med Studiesenteret.no gir moglegheit til å skape små studentfellesskap der studentane bur og leggjar til rette for å nytte lokalsamfunnet sitt i oppgåver og case. HLB utdannar menneske til å sjå med framtidsauge på ressursane rundt seg og utviklingspotensialet i sitt eige miljø. Det er eit viktig poeng for høgskulen å få med studentar frå heile landet. På denne måten kan studentane lære av kvarandre, la seg inspirere, utveksle erfaringar og få verdifull kunnskap om utfordringar og tiltak som finnes rundt i bygdene.

HLB har fått gode tilbakemeldingar frå både studentar, studiesenter og forelesarar. Difor ønskjer høgskulen å fortsette med dette tilbodet i framtida og. Bachelorstudentane deltar i undervisninga frå sitt lokale studiesenter. I tillegg er det mogleg å skape små studentfellesskap og bruke lokalsamfunnet i oppgåver og case.

Følgjane studiesenter deltar i prosjektet i 2018:

- Kongsvinger
- Tynset
- Kvam
- Valdres
- Sunndal
- Tana
- Vadsø
- Tinn
- Askim
- Moss
- Nord-Troms
- Vefsn

Høgskulen har gode erfaringar med denne typen fleksibel utdanningstilbod. Hovudutfordringa har vore å inkludera studiesenterstudentane i det sosiale klassemiljøet. Høgskulen har løyst dette med å leggje studieturane så tidleg som mogleg i semesteret slik at studentane får eit fysisk møte i starten på studieåret. Dette har fungert godt og skulen har fått gode tilbakemeldingar frå studentane. Eit anna tiltak for å inkludere studentane som er på studiesenter i det sosiale miljøet er å ha mikrofonane på i alle pausar. Slik kan studentane off-campus delta i samtalan mellom førelesningar. Administrasjonen held og fokus på å vere tilgjengelege for studentane som studerer via studiesenter slik at dei får same oppfølging og like rask respons som studentane på campus.

3.4 Sektormål 4: Effektiv, mangfaldig og solid høgare utdanningssektor og forskningssystem

Kunnskap som blir produsert og formidla ved HLB skal i størst mogleg grad kunna setjast i aktiv bruk i lokale/regionale utviklingsprosessar. HLB satsar og på internasjonale prosjekt.

3.4.1 Kvalitativ Styringsparameter

Langsiktig økonomisk planlegging

Budsjettet til HLB skal reflektere vår satsing på forskning og utdanning, der målet er ein berekraftig og solid økonomi som kan støtte opp om våre aktivitetar. Me har likevel relativt låg omsetning, og jobbar hardt mot å byggje opp den økonomiske situasjonen for å gjere rom for utvikling av stab og kapasitet for forskning/utdanning. Vårt regionkontor i Steigen (som opna 2015) er ein del av våre langsiktige satsing, der me ser for oss å utvide vår rolle som hovudsakleg regional aktør, til å bli ein nasjonal aktør innan forskning.

Solide fagmiljø

HLB har spissa fokus på dei områda me er gode på, og vil halde fram med å byggje staben innan dei områda. For augeblikket har me ingen planar om å utvide vårt faglege fokus, då me ønskjer å styrke eksisterande satsing.

3.4.2 Kvantitativ Styringsparameter

Kjønnsbalanse i faglege toppstillingar

I 2018 var det ingen kvinner tilsett som dosent eller prosessor ved skulen. HLB har ingen midlertidig tilsette.

Effektivitet i utdanning

Sjølv om me har få fagleg tilsette, har me kapasitet for auka studenttal. Det er rapportert 254 studiepoeng per fagleg tilsett.

3.5 Midlar tildelte over kap. 281

HLB har ikkje motteke tiltaksmidlar over kap. 281. Vårt einaste tilskot er ordinært statstilskot (kap. 260).

4. Styring og kontroll i verksemda

4.1 Vurdering av internkontrollen

Vår vurdering er at høgskulen har god styring og kontroll. HLB er ein liten og gjennomsiiktig organisasjon med to oppdrag; utdanning og forskning.

Utanom dei formelle organa og utvala er det god kommunikasjon mellom både leiinga, forskarane, forelesarane og administrasjon. Alle tilsette sitt på same gang (både fagstab og administrasjon) og det er dagleg kontakt mellom alle ledd.

I samanheng med arbeidet som starta i 2016 med utvikling og forbetring av HLB sitt kvalitetssikringssystem, har høgskulen definert og formalisert fleire utval og kommunikasjonsarenaer. I 2018 har det vore møter i alle utval og høgskulen fortsett å utvikle og forbetre disse arenaene.

Oversikt over dei ulike utvala ved HLB:



1. LMU- Læringsmiljøutvalet

Sjå skildring i punkt 2.1.6.

2. KALV - Utval for Kompetanse, administrasjon, læring og vurdering

Alle tilsette ved HLB samlast månadleg. Dette er ein arena som gir alle tilsette moglegheit til å komme med orienteringar og innspel. Faste punkt på møtet er:

- Orientering frå rektor
- Akkvisisjon
- Oppfølging/orientering om aktive prosjekt
- Studia/forelesningar

3. STUT - Studieutvalet

Beskrive i punkt 2.1.6

4. KU - Kunnskapsutvalet

KU er eit utval som synleggjer og drøfter kor HLB er i dag og kva retning høgskulen skal jobbe mot.

KU har som ansvar å:

- Kartlegge kunnskapen vi har
- Komme med innspel til aktuelle kunnskapstema
- Legge en kunnskapsstrategi for det kommande året

Samansetning KU:

- Rektor
- Alle studieansvarlege ved HLB
- Representant frå administrasjonen

Styreleier inviterast og på møta.

Det skal heldes minst eit møte kvart år. Møtet blir lagt til haust.

Det skal leggest ved rapport frå KU i *Årsrapport for kvalitet i utdanninga*.

Høgskulen følgjer elles gjeldande lovar og reglar for private høgskular.

5. Vurdering av framtidsutsikter

5.1 Framtidige planar

I 2018 planlegg HLB å fortsette arbeidet med ei internasjonal masterutdanning innanfor bygde-/samfunnsutvikling. Høgskulen registrerer stor etterspurnad etter eit slikt tilbod. For å få i gong dette arbeidet må HLB endre organisasjonsforma si.

Med eit stort behov i samfunnet for omstilling satsar HLB på å gjere kunnskap om involvering og deltaking i utviklingsprosessar tilgjengeleg for både offentleg og privat sektor. Som kunnskapsleverandør på nyskaping- og utviklingsfeltet skal HLB skal vere aktive formidlarar av både kurs og forskning til offentleg og privat sektor.

HLB har starta arbeidet med ein gjennomgang av organisasjonsform. Dette er eit krav frå Kunnskapsdepartementet og nødvendig for å kunna halde fram arbeidet for å bli akkreditert som høgskule. Målet er mellom anna å styrka organisasjonen med få tilgang på midlar frå forskningsrådet, og for å sikra framtidig tilskot frå Kunnskapsdepartementet.

I forbindelse med arbeidet rundt Jordboka 1 og 2 har HLB har registrert ei stor interesse for tema *natur nært*. Det blir ei satsing på kursutvikling og prosjekt på området. HLB har allereie sett i gong fleire prosessar som skal legge til rette for utviklinga.

5.1.1 Risikovurdering

Risiko:	Tiltak:
Sviktande oppdragsinntekter HLB er avhengig av at alle fagtilsette hentar inn prosjektmidlar.	HLB held fokus på akkvisisjon og på at alle fagtilsette aktivt søkar på forskingsmidlar, både kommunale, regionale, nasjonale og internasjonale. Det heldes faste møter (kvar månad) der alle tilsette har ein gjennomgåing av akkvisisjon. Alle fagtilsette har sjølvstendig ansvar for å skaffe oppdragsinntekter, men det er likevel viktig med eit forum der fagmiljøet samlast og har ei kunnskapsutveksling og idémyldring rundt framtidige oppdragsmulegheiter.

	Dette gir også ein god oversikt over søknadsaktivitet og at den heile tida er i tråd med HLB sitt samfunnsoppdrag.
Regional nedgang i nærområde Den regionale nedgangen i nærområde kan påverke både studenttal og oppdragsinntekter frå privat næringsliv. Statistikken visar at fleire studentar søker seg til utdanningar som gjer jobb i det offentlege, til dømes innan helse og utdanning	HLB satsar på å driva meir oppsøkande oppdragsverksamdom. I tillegg til å søkja på utlyste prosjekt skal HLB sjå moglegheiter i både privat og offentlig sektor og aktivt presentere sin kompetanse der den er relevant. HLB utdannar endringsagentar, utviklingskompetanse er nøkkelordet i bachelorgrada vår. Dette er viktig kunnskap i nedgangstider og difor er det viktig at HLB er synlege på arenaer der omstilling er tema. HLB har køyrd marknadsføringskampanje i sosial media med dette som tema. HLB har også delteke på messer som har fokus på utdanning, moglegheiter og arbeid i ei tid for omstilling.
Lite kjent studietilbod HLB er ein liten aktør med relativt få studentar.	HLB arbeidar kontinuerleg for å synleggjer studietilbodet ved HLB. Blant anna brukar høgskulen studiesenternettverket aktivt for å gjere høgskulen meir synleg nasjonalt. HLB presenterer studietilbodet på relevante messer og sender ut marknadsføringsmateriell til aktuelle aktørar (t.d. vidaregåande skular og karrieresenter i området). Det er og fokus på å vere synlege i media for å gjere kunnskapsmiljøet ved HLB enda meir kjent. Med over 5000 følgjarar på Facebook når høgskulen ut til mange. Dette er ein viktig kanal for å marknadsføre studietilbodet. HLB jobbar aktivt for å stadig vere meir synlege i sosial media. Bevisst fokus på god oppfølging og tilrettelegging for eksisterande studentar er og viktig for å gjere HLB meir kjent og attraktive. Med relativt få studentar kan HLB følgje kvar enkelt tett opp. Dette er viktig for at eksisterande studentar vil anbefale studiane til potensielle søkarar. Flytting til nye lokale i Bryne sentrum (haust 2017) gjer høgskulen meir synleg og tilgjengeleg.
Studietilbod som ikkje «automatisk» gir jobb	

	Studieleiarar har ansvar for å forberede studentane på å «selje inn» utdanninga til potensielle arbeidsgivarar. Det skal satsast endå meir på dette på år 3 av bachelorutdanninga i framtida. Entreprenørskap har og fokus i utdanninga. Fleire av studentane våre er i gong med/planleggar eigne føretak. Utdanninga gjer gode verktøy for å lukkast med dette.
Få tilsette ved HLB	HLB jobbar aktiv for auke i både oppdragsinntekter og studenttal. Om høgskulen lukkast med dette vil det gje moglegheit å auke talet på tilsette. Arbeide med dette er skildra i tiltaka ovanfor.

5.1.2 Presentasjon av styret sitt vedtekne budsjett

Tabell : Budsjett 2019 og 2018 samt rekneskap 2018 og 2017

	Budsjett 2019	Budsjett 2018	Regnskap 2018	Regnskap 2017
Driftsinntekter				
Studieavgift	1 200 000	1 250 000	1 099 647	994 858
Statstilskot	2 555 000	2 545 000	2 545 000	2 608 260
Prosjektinntekter	2 950 00	3 805 000	2 024 396	2 363 059
Andre inntekter	175 000	160 000	237 500	376 283
Sum driftsinntekter	6 875 000	7 760 000	5 906 543	6 342 460
Driftskostnader				
Innleid undervisning, kurskostnader	230 000	200 000	194 161	305 470
Personalkostnader	4 256 691	5 300 000	4 018 571	4 043 457
Avskrivninger	100 000	100 000	61 100	83 972
IKT	425 000	450 000	456 698	493 848
Regnskap og revisjon	40 000	40 000	58 797	47 093
Reklame, markedsføring	250 000	175 000	146 737	180 460
Reise, diett	670 000	650 000	578 338	740 836

Andre kostnader	865 000	820 000	584 943	405 126
Sum driftskostnader	6 836 691	7 735 000	6 099 345	6 300 261
Driftsresultat	38 309	25 000	(192 802)	42 199
Netto finans	- 30 000	- 20 000	- 55 572	- 27 554
Resultat før skatt	8 309		(248 374)	14 645
Skattekostnad	0	0	0	0
Årsresultat	8 309	5 000	(248 374)	14 645

Budsjettverknader av prioriteringar

Etter at HLB har budsjettert med overskot på over 100 000 i nokre år, og dette ikkje har blitt oppfylt, har me bestemt oss for å kutte kostnader og forventa oppdragsinntekt. Det er òg uvisst om når masterprogrammet kan starte opp, slik at studieavgift er budsjettert med berre ordinære studentar.

På bakgrunn av fleire prosjekt i oppstartfasen no på hausten, ventar me å kunne auke oppdragsinntektene våre over tid. Me ser òg for oss at sjukdom i staben vil gå ned, slik at me kan hente inn fleire nye prosjekt.

5.2 Utdanningskapasitet

HLB tilbyr ei bachelorgrad og har ingen planar om å utvide i bredda. Denne utdanninga er eit viktig bidrag til HLB si samfunnsoppgåve; å vere ein kunnskapsaktør og bidra til ei berekraftig utvikling av bygde- og lokalsamfunn. Fokus ved HLB er å ha eit spissa fagmiljø på nettopp dette område. Dersom høgskulen skal utvide studieprogram blir det i form av ei mastergrad innan same fagområde.



Det er fleire faktorar som påverkar moglegheit til auke av talet på studieplassar:

Alle våre førelesarar er involvert i forskingsprosjekt, dette er naudsynt både for å få tilstrekkeleg med oppdragsinntekter til drift, og for at institusjonen skal sikre kvalitet i utdanninga ved å gje studentane oppdatert og samfunnsrelevant kunnskap. Dette legg ei naturleg avgrensing på studenttalet og kor mange studentar som er mogleg å følge opp.

Førelsningsrommet ved høgskulen har ei avgrensing på 20 studentar som kan delta lokalt på Bryne. Samarbeidet med studiesenteret.no gjer det likevel mogleg å at fleire studentar kan delta via videokonferansesystem. Talet på studentar kan førebels ikkje overstige 20 pr. klasse, dette heng saman med kapasitet hos studieleiarar sett i samanheng med oppfølging av studentane.

Ved auka statstøtte kunne ein frigjere meir ressursar til førelsningsaktivitet, utviding av førelsningslokalar og teknisk utstyr slik at skulen kan køyre kurs parallelt.

6. Førebels årsrekneskap (inkl. leiingskommentar)

Førebels årsrekneskap med nøkkeltal kan lastast ned frå DBH sine nettsider.

Sjå her for førebels årsrekneskap med nøkkeltal samt leiingskommentarar er tilgjengeleg på denne lenkja: https://dbh.nsd.uib.no/statistikk/dokumenter_htmlRapport.action;jsessionId=-5ZnSX+dSjfgHM5STfUD4SoR.undefined?undermeny=statistikk_dokumenter&tabellId=408&sektorKode=2&valgtArstall=2018

Endeleg årsrekneskap med revisorsberetning vil leggjast ut på nettstaden www.hlb.no – under «Om HLB».

ÅRSMELDING

2018

Årsmelding 2018

Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling SA (HLB)

HLB har kontoradresse og hovudadministrasjon i Arne Garborgs veg 22, 4340 Time kommune.

Undervisninga skjer i Serigstadbygget, i saman med desentraliserte kurs og samlingar. HLB er medlem i studiesenteret.no. Difor er det no fleire studentar som får høve til å følgja undervisninga på Bryne frå studiesenter andre stader i landet.

Alle våre studentar går enten på bachelorprogrammet Bachelor i nyskaping og samfunnsutvikling, fagkurs i samfunnsentreprenørskap, eller fagkurs i Inn på Tunet.

HLB har vore involvert i ei rekke forskings- og utviklingsprogram i 2018 og har produsert fleire faglege publikasjonar.

HLB har i meldingsåret hatt 7 fast tilsette (6 fulltid), og to tilsette med timeavtalar.

Det er 2 kvinner og 6 menn i 2018.

Fagstaben består av 7 tilsette, der det er 25% toppkompetanse, 25 % førstekompetanse, og 50 % grunnkompetanse. Totalt 5,1 faglege årsverk.

Det er ikkje registrert skader eller ulukker på arbeidsplassen i 2018.

Det er ikkje forhold ved verksemda som påverkar det ytre miljøet.

Det er heller ikkje stilt garanti eller lån til tilsette, styremedlem eller andre.

Vurdering av utsiktene for vidare drift:

Føresetnad for framleis drift er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapen.

Årsresultatet i 2018 er eit underskot på kr. 248 374.

Styret er tilfreds med resultatet trass i at dette er noko svakare enn budsjettet, men etterlyser høgare omsetning til neste år. Årsaka til underskottet er lågare oppdragsverksemd enn budsjettet, noko som i hovudsak skuldast sjukdom i staben. Styret meiner at årsrekneskapen gir eit rett bilde av HLB sine eigendelar og gjeld, finansielle stilling og resultat.


Styret vil arbeide vidare med å styrkje det økonomiske grunnlaget for HLB gjennom auka inntekter og kostnadskontroll. Det er lagt stor vekt på å auke oppdragsinntekter, og staben jobbar hardt med å lukkast med dette. Dei siste åra har HLB vore utdanningsinstitusjonen i Noreg med høgast oppdragsinntekter pr. fagleg årsverk.

Styret meiner at grunnlaget for vidare utvikling av HLB etter dei måla som gjeld for høgare utdanning er god ved utgangen av dette meldingsåret.

Styret vil tilrå vidare drift.

Bryne 25.02.2019.


Odd Arild Kvaløy
Styreleiar


Bjørg Tysdal Moe
Nestleiar


Dag Jørund Lønning
Rektor


Jofrid Torland Mjåtveit
Styremedlem


Monika Birkeland
Styremedlem


Rhys Evans
Styremedlem


Ola Hedstein
Styremedlem